

**KONTROLLUTVALGET I KLEPP KOMMUNE**  
**PROTOKOLL**

<b>Utvalg:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtenr.:</b> <b>2-2017</b>	<b>Møtedato:</b> 27.04.2017	<b>Utvalgssaksnr.:</b> 10/17 - 16/17
<b>Desse møtte:</b> Oddbjørg Starrfelt, leiar Asbjørn Ånestad Ingrid Reve	<b>Forfall / varamedlemmer:</b> Jan Egil Øksnevad hadde meldt forfall. Varamedlem hadde ikkje høve til å møta.  Stig Penne møtte ikkje.		
<b>Andre til stades:</b> Ordførar Ane Mari Braut Nese, Klepp kommune Rådmann Torild Lende Fjermestad, Klepp kommune Økonomisjef Stein Kittelsen, Klepp kommune (sak 11/17) Skatteoppkrevjar/leiar for Jæren Skattekontor Ivar Slettebø (sak 12/17) Manager Eline Pendegraft, Deloitte AS Partner Bengt Eriksen, Deloitte AS Manager Kari Gåsemyr, Deloitte AS Daglig leder Wencke S. Olsen, Rogaland Kontrollutvalgsekretariat			

			<b>Side</b>
<b>Saker til behandling</b>			
<a href="#">10/17</a>	16/00150-11	Godkjenning av protokoll	1
<a href="#">11/17</a>	16/00127-7	Kontrollutvalets uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2017	2
<a href="#">12/17</a>	16/00130-8	Orientering om Skatterekneskapet for 2016	3
<a href="#">13/17</a>	16/00298-19	Orientering frå administrasjonen – lov og regelverk knytt til barne- og avlastingsbustad	3
<a href="#">14/17</a>	17/00012-5	Nytt prosjektmandat knytt til bestilling av forvaltningsrevisjonen "Samarbeid mellom tenester for barn og unge"	4
<a href="#">15/17</a>	17/00010-3	Bestilling av selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Rogaland Brann og Redning IKS	4
<a href="#">16/17</a>	16/00118-18	Statusoversikt kontrollutvalets saker pr. april 2017	5

**Innkallinga vart godkjent utan merknader.**

**10/17 Godkjenning av protokoll**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå kontrollutvalets møte den 23. februar 2017.

**Møtebehandling**

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå kontrollutvalets møte den 23. februar 2017.

[Lagre]

**11/17 Kontrollutvalets uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2017**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp har ingen merknader til årsrekneskapet for 2016 ut over det som får fram av revisjonsberetning, revisjonsmelding og administrasjonens framlagde årsrekneskap m/årsmelding for 2016.

Kontrollutvalet vil følgja opp evt. utvalde merknader i revisjonsrapporten hausten 2016.

**Møtebehandling**

Økonomisjef Stein Kittelsen orienterte.

Kontrollutvalet fant ingen merknader å fylja opp. Siste ledd i forslag til vedtak går derfor ut.

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med denne endringa.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp har ingen merknader til årsrekneskapet for 2016 ut over det som får fram av revisjonsberetning, revisjonsmelding og administrasjonens framlagde årsrekneskap m/årsmelding for 2016.

[Lagre]

**12/17 Orientering om Skatterekneskapet for 2016**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp tar skatterekneskapet for 2016 med kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering.

**Møtebehandling**

Skatteoppkrevjar/leiar av Jæren Kemnerkontor Ivar Slettbø orienterte.

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp tar skatterekneskapet for 2016 med kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering.

[Lagre]

**13/17 Orientering frå administrasjonen – lov og regelverk knytt til barne- og avlastingsbustad.**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp tar rådmannens gjennomgang til orientering.

**Møtebehandling**

Rådmann Toril Lende Fjermestad orienterte.

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp tar rådmannens gjennomgang til orientering.

[Lagre]

**14/17 Nytt prosjektmandat knytt til bestilling av forvaltningsrevisjonen "Samarbeid mellom tenester for barn og unge"**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp vedtar det framlagte prosjektmandatet frå revisor slik det ligg føre.

**Møtebehandling**

Oddbjørg hadde følgjande presiseringar:

Nytt pkt 1 d:

- Korleis opplever dei ulike instansane som arbeider med barn og unge med særlege behov at samarbeidet fungerer når det gjeld førebygging, avdekking og oppfølging av desse behova. Forslag til tiltak/endingar.
- Nytt pkt 2.2-  
Offentlege instansar har både melde- og opplysningsplikt til barnevernet. Dei har plikt til å melda i frå når dei meiner at barn lever under vilkår der deira helse er eller vert utsett for skade eller alvorleg fare. Dette er ei sjølvstendig plikt for den einskilde tilsette. Instansar som skule barnehage, helsetjenesten, PPT har opplysningsplikt knytta til utgreiing av saker når barnevernet ber om det
- Tillegg pkt 3 A første line –  
.....og barnevernet.

**Voter**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med dei presiseringane som kom fram i møtet.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp vedtar det framlagte prosjektmandatet frå revisor slik det ligg føre med dei presiseringane som kom fram i møtet. .

[Lagre]

**15/17 Bestilling av selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Rogaland Brann og Redning IKS**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp vedtar det framlagte prosjektmandatet for gjennomføring av selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Rogaland Brann og Redning IKS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

Prosjektmandatet vert vidaresendt til behandling i øvrige eigarkommunar. Det er ein føresetnad at desse og vil delta i prosjektet.

**Møtebehandling**

Manager Kari Gåsemyr orienterte. Det kom og presiseringar til mandatet som vart notert av revisor.

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp vedtar det framlagte prosjektmandatet for gjennomføring av selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Rogaland Brann og Redning IKS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

Prosjektmandatet vert vidaresendt til behandling i øvrige eigarkommunar. Det er ein føresetnad at desse og vil delta i prosjektet.

[Lagre]

**16/17 Statusoversikt kontrollutvalets saker pr. april 2017**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikt pr. april 2017 til orientering

**Møtebehandling**

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikt pr. april 2017 til orientering

[Lagre]

**REFERAT-/MELDINGSSAKER:**

Revisor orienterte om revisjonshandlingar knytt til årsoppgjeret/regnskap for 2016, jfr. sak 11/17. Kontrollutvalet bestemte seg for at revisor i staden for å levera revisjonsmelding til utvalet i samband med årsoppgjeret har ei orientering knytt til årsrekneskapet.

## EVENTUELT

- Møtedato neste møte vert endra tilbake til **1. juni 2017**.
- Leiar tok opp om andre medlemmer ønskjer å reisa på FKT-konferansen i Tromsø.
- Sekretariatet bes om å senda SMS til kontrollutvalet dagen før møte og at vedlegga inntil vidare vert sendt i separat fil til utvalet.
- Sekretariatet tek kontakt med kommunen med førespurnad om å leggja kontrollutvalet sine møte inn i møteplanen på same måte som t.d. Jærrådet.

## Underskrifter

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet

*Oddbjørg Starrfelt*  
Leiar av kontrollutvalet

*Wencke S. Olsen*  
Sekretær for kontrollutvalet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur*